

Referat klasseforeldremøte 6.-7.klasse 18.09.17

11 heimar møtte.

Kontaktlærarane ynskja velkomen.

Informasjon om helsesøster sitt arbeid på skulen. 6.klassingane får tilbod om MMR-vaksine, jentene i 7.klasse om HPV-vaksine. Dette skjer på skulen 25.09.

Radøy kommune har utarbeida ein tiltaksplan ved høgt skulefråvær. Det blei informert litt om bakgrunn for denne og korleis denne verkar i praksis. Planen finn ein på skulen sine heimesider.

Det blei og informert kort om ulike digitale plattformer der ein finn informasjon- VISMA med vurderingar og oversikt over fråvær, It`s Learning med årsplanar og skriv til heimen, heimesida med glimt frå kvardagen og lenkjer til ulike planar og oversiktar.

6.-7.trinn får ein lærarstudent som skal ha store delar av undervisninga veke 40, 42 og 43. Linn og Oddvar er sjølvsgt med under planlegging og gjennomføring av undervisninga.

Kvart tredje år arrangerer skulen lesevake for storskulen. Dette blir torsdag før haustferien, den 5.oktober. Det blir overnatting i gymsalen og leserelaterte aktivitetar. Elevane avspaserer dagen etter. Foreldrekontaktane tek ansvar for å organisera pizzaservering på kvelden.

Andre viktige datoar:

- Veke 45: Utviklingssamtalar
- 10/11: Planleggingsdag
- 7/12: Juleverkstad
- 20/12: Juleavslutning på samfunnshuset
- 22/2: Foreldrefest storskulen
- 15/3: Foreldremøte
- Veke 16: Utviklingssamtalar

28/5-1/6 er det leirskuleveke for 7.trinn. Foreldra uttrykte ynskje om at denne veka kunne ha kome tidlegare på året(haust/tidleg vår) slik at 7.klassingane blei betre kjende med kvarandre før dei skal velja kven dei vil koma i klasse med på ungdomsskulen.

Det blei og informert om at Austebygd sitt 7.trinn og foreldrekontaktane har ansvar for å arrangera 7.klassetreff for dei andre 7.klassane på Radøy i november.

Det kom oppfordring frå skulen om å tenkje seg om og ta hensyn når ein parkerer ved levering/henting. Det er ikkje naudsynt å parkera i busslomma eller i utkøytinga frå skulen all den tid det er nok parkeringsplassar. Dette handlar om bornas sikkerheit! Foreldra kom med innspel at ein gjerne kan sleppa elevane i fleire puljer, slik at dei som skal ta buss og dei som vert henta går ned kvar for seg.

Skulen ser at elevane ofte velgjer upraktiske klede, og for lite klede til uteaktivitetar. Det er fint om dei har jakke med seg på skulen, for dei skal vera ute! Skulen planlegg og ein fjelltur i haust, og håpar alle heimane kan snakka med elevane om å kle seg lurt og rett etter tilhøva. Været og temperaturane kan snu fort. Ein treng ikkje kjøpa dyrt utstyr, støvlar er heilt greitt.

Krava til symjekompetanse har auka dei siste åra, og det er naudsynt at ein trener utanom skulen sine 10 gongar i året for å bli trygge og gode symjarar. Symjelekse! Innspel frå foreldra: det burde vore gratis for alle skuleborn i Radøy.

Klassemiljøet i 6.-7.trinn opplevast som trygt og godt. Elevane verkar trygge på kvarandre og tek vare på kvarandre. Det er veldig kjekt å vera saman med dei! Dei har sut for skulearbeid og lekser, og gjer ein god innsats også fagleg. Skulen jobbar systematisk med sosial kompetanse og miljøskaping gjennom timeplanfesta arbeid med programma Mitt val(5.-6.) og ART(7.) 7.trinn har årsplanen for ART i permen sin, og har ulike oppdrag kvar veke. Det er fint om de heime hjelper med desse! I tillegg jobbar ein med klassemiljøet gjennom konkrete tiltak som å gjera kjekke ting saman(turar, lesevake, bursdagsfeiring) og ha positive opplevingar saman, og i det daglege arbeidet der alle blir vande til å samarbeida med alle og ved å ta seg tid til å prata med den enkelte.

Det var oppe to emne til diskusjon i foreldregruppa:

Informasjon

foreldreundersøkinga viser at foreldra på Austebygd ynskjer betre informasjon frå skulen. Skulen vil vita meir om dette. I kva grad foreldra synes dei får informasjon, kva meir eller anna dei ynskjer og i kor stor grad/korleis?

Foreldra diskuterte i grupper, og kom med desse innspela:

Dei er fornøgde med den informasjonen som kjem. Nokon gjer uttrykk for at dei kunne vore flinkare å sjekka dei digitale informasjonskanalane som It`s Learning og VISMA. Hadde vore kjekt om VISMA blei jevnleg oppdatert med resultat osv. Det er greitt å få ting i papirform i ranselen, spesielt for at elevane sjølv har oversikt. Dei kunne gjerne tenka seg at informasjonen i tillegg kom på e-post, som lekseplanar, innkallingar til møte og annan generell informasjon. Det hadde vore kjekt å få fleire gladmeldingar, med beskjed om det elevane meistrer og gjer bra på skulen!

I samband med fiberutbygging og anna er det ein del som har fått nye tlf.nummer og liknande. Skulen ligg ved skjema om kontaktinformasjon i referatet, slik at me er sikker på at me har rett informasjon. Fyll ut og lever inn!

Sosiale medier

Foreldra diskuterte følgande problemstilling:

«Ein elev kjem på skulen om morgonen, og blir møtt av ei gruppe andre elevar som kan fortelja at dei har oppretta ei ny Snap-gruppa der han ikkje får vera med, fordi dei ikkje vil ha med «dustar». Skulen får seinare nyss i at gruppa vert nytta til å snakka om andre elevar på skulen.»

Kva tenkjer de om dette?

Korleis tenkjer de at skulen skal reagere?

Kva kan de som foreldre gjera i ein slik situasjon?

Foreldra kom med desse synspunkta:

Dei vil ha beskjed heim dersom skulen får nyss i slike ting! Dei som foreldre må bli einige om køyrereglar. Det er fint om alle kan følgja aldersgrensene(det er

13 års aldersgrense på Snapchat), det blir eit voldsomt press på dei foreldra som overheldt desse når «alle andre» får lov. Dette er eit spørsmål om modenheit. Det er viktig at foreldra har streng kontroll på kva borna driv med.

Ungane må få klare grenser og haldningar frå foreldra. Ikkje tru det beste om dine egne ungar, det foregår ting som ikkje er greitt!

Andre saker:

Det kom elles innspel om meir prøvar, spesielt gloseprøvar. Det er fint om skulen sjekker leksene, slik at elevane føler at det er «vits» i å gjera dei.

Er det mogleg å utvida utvalet frå TINE med t.d. yoghurt? Frå skulen si side er dette ikkje ynskjeleg. Det er mykje logistikk, alt skal takast imot, delast ut osv. I tillegg blir det levert i heile pakkar, noko som gjer at sjølv om ein berre bestiller 1 eller 2, får ein 10 av kvar type. Det er sjølvsagt rom for å ta dette opp i FAU, SU.

Til slutt blei det valgt ny vara til foreldrekontakt i 6.trinn. Foreldrekontaktane er då:

6.trinn: Renate Thomassen, vara: Henning Dalland

7.trinn: Katarzyna Bauer, vara: Siv Ståløy

Referent: Linn Merethe Myrtveit